

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 18/9632-12

## **Oppsummering av LAMU årsrapportar 2018**

### **Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet tek årsrapportane til vitande.
- 2) Hovudsamarbeidsutvalet ber Frm-personal melde attende til einingane/LAMU om avvik og utviklingsområder som er rapportert og bestiller retting og utbetring av desse områda.
- 3) Einingane kan søkje bistand frå bedriftshelsetenesta og/eller frå Frm-personal for å lukke eigenrapportert avvik eller å få bistand til utviklingstiltak.

### **Vedlegg:**

- Samlerapport frå aggregert gjennomgang av LAMU sine årsrapportar
- Bestillingsbrev – LAMU årsrapport 2018
- Mal for årsrapport 2018
- 14 LAMU årsrapportar
- Oppsummering på eit rekneark

## **SAKSFRAMSTILLING**

Denne tilbakemeldinga til hovudsamarbeidsutvalet er lekk i den sektorovergrepande hmt-arbeidet i fylkeskommunen samla. Årshjulet for sentral kontroll og forankring i HSU følgjer denne malen:

- 1) Einingane/ LAMU får sitt bestillingsbrev primo januar kvart år med bestilling på lokalt hmt-arbeid og med frist til å rapportere førre års aktivitet i LAMU på sitt første møte på nyåret. Fristen for innsending av LAMU sin årsrapport er 1. mars.
- 2) Etter 1. mars mottek fylkesrådmann (Frm-personal) alle 15 LAMU sine årsrapportar.
- 3) LAMU årsrapportar vert deretter analyserast av BHT og Frm-personal
- 4) BHT utarbeide ein samlerapport over alle bidrag
- 5) Frm-personal legg ei eiga sak fram for HSU i maimøtet (denne saksutgreiinga)
- 6) HSU gjer vedtak: Frm-personal melder attende til einingane /LAMU om avvik og utviklingsområder som er rapportert og bestiller samtidig oppretting av feil/avvik. Vidare at einingane/LAMU kan søkje bistand frå BHT og/eller frå Frm-personal for å lukke eigenrapportert avvik eller å få bistand til utviklingstiltak.
- 7) Frm-personal skriv brev til kvar einskild eining/LAMU om vedtaket frå HSU sitt møte med kommentar og tilbod om bistand/retteleing/hjelp til å lukke avvik og gjennomføre utviklingstiltak på området

HSU gjer altså her vedtak om å tilby rettleiing/hjelp til å lukke avvik eller andre hmt-utfordringar eininga sjølve rapporterer om. Her står eininga fritt til å nytte seg av bedriftshelsetenesta eller støtte frå Frm-personal/hmt.

## **2. Hovudfunn frå gjennomgang av alle LAMU sine årsrapportar 20189**

### **Hovudpunkt**

Det er mottatt 14 årsrapportar der Sogn Jord- og Hagebruksskule manglar. Alle LAMU har gjennomført møte. Snittet er på 4 møter og det varierer mellom 2 til 6 møte. Med unntak av Fagskulen avd. Førde har alle einingane nytta Stamina Helse.

### **Systematisk HMT-arbeid**

8 av 14 rapporterer at internkontrollsystemet er tilfredsstillande. Hafstad vgs. har ikkje svart og av dei einingane som har svart nei og kommentert er det eit ynskje om eit elektronisk system og/eller revisjon av det dei har. 10 av 14 LAMU reviderer HMT-systemet årleg.

Alle LAMU, med unntak av Sentraladm. (svart nei) og Hafstad vgs. (har ikkje svart), rapporterer om gjennomført vernerunde eller anna arbeidsmiljøkartlegging. Med unntak av fire LAMU er desse fylgt opp med handlingsplan.

### **Opplæring**

Det er 8 einingar der VO og LAMU-medlem ikkje har opplæring, og ei eining som skriv delvis. Det er 9 einingar som skriv at det er behov for 40-t kurs for den einskilde (frå 1-4 per eining). 6 einingar ynskjer opplæring for leiarar/mellomleiarar, og 7 einingar ynskjer dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap. Det er ei eining som er usikker på om det er nokon som ynskjer dagskurs.

### **Arbeidstakars medverknad og arbeidsmiljøutfordringar**

7 LAMU har under arbeidstakars medverknadsplikt rapportert om tilfelle av utilbørleg oppførsel/trakassering/diskriminering (Hafstad vg. skule har ikkje svart). Kommenterarar til dette punktet er at sakene vert handsama etter gjeldande rutine.

Alle har svart at arbeidsmiljøet er fullt ut forsvarleg, og hovudvekta har utfordringar med fysisk arbeidsmiljø. 9 LAMU har hatt saker med feil eller manglar ein ikkje kan rette opp sjølv. I forhold til krav til det psykososiale arbeidsmiljøet svarar 13 av 14 einingar at dette er ivaretatt.

### **Sjukefråvær og arbeidsrelatert skade/sjukdom**

Sjukefråværet varierer frå 3 % - 7 %, der dei tre einingane med høgst fråvær har 7 %, 6,5 % og 6,4 %. Snitt på 4,89 %. Tannhelsetenesta har ikkje svart. Alle har svart ja (med unntak av Hafstad vg.) på spørsmål om tilsette medverkar til oppfølgingsplan og dialogmøte, og om dei jobbar systematisk med førebygging og oppfølging av sjukefråvær. Alle har også svart ja på om dei har drøfta sjukefråværet kvartalsvis på LAMU-møta utanom Fagskulen avd. Førde og Høyanger vg. Det er meldt om arbeidsrelatert sjukefråvær frå 3 LAMU, og dette gjeld 7 personar. Aktuelle tiltak i desse sakene vert rapportert å vere fylgt opp frå alle.

### **Utviklingssamtalen**

Alle oppfatar utviklingssamtalen som obligatorisk. 3 einingar registrerer kompetanseprofil, ei eining delvis og resterande 10 einingar svarar nei. 7 einingar har behov for fornying av utviklingssamtalen som konsept/verktøy, og 7 har kryssa nei på behov for det.

På dei neste sidene kjem ei oppsummering av kva dei ulike LAMU har svart.

## Hafstad Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** Ikkje fått den delen av årsrapporten
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Nei på handlingsplanar, elles rapportert ja på alt.
- **HMT-opplæring:** Ein person i LAMU treng 40-timars kurset og ein person ynskjer å delta på dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Ikkje fått den delen av årsrapporten.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ikkje fått den delen av årsrapporten.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Fysiske utfordringar; Tidvis kaldt i C-bygg. Problem med avtrekkslukt frå 2 etg. til 1. etg. Manglande rutine for å ta med datablad til lege ved uhell.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Nei. Sjukefråvær 5,7 %, auke på 0,8 % frå 2017.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfattar det som obligatorisk. Vert ikkje oppdatert i kompetanseprofil, men i ESA og SATS. Behov for fornying og kommentera at leiar bør lage årshjul for gjennomføringa.

## Sogndal Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det er ikkje handsama ekstra vernetiltak, målingar eller undersøkingar og byggjesaker, elles har alle sakene blitt drøfta.
- **HMT-opplæring:** Det er planlagt kurs for både leiar/mellomleiar og medlem av LAMU i mars 2019. Ingen ynskje om dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv, men har kommentert at det er mindre avvik som vert retta opp fortløpande. Det er gjeve melding til arbeidsgjevar om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering på arbeidsplassen. Desse tilfella er handtert etter rutine og informert om i LAMU. Arbeidsgjevar har mottatt melding om at sjukdom som tilsett trur har samanheng med arbeid.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Systemet er ikkje tilfredsstillande, HMT-handboka er under revidering. Kommentera også at det er fleire system på å føre tiltak frå kartlegging inn i handlingsplan som må samordnast. Har kryssa nei på punktet om at tiltak er ført inn i handlingsplanar.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Alt ok. Kommentera at det er mindre utfordringar knytt til nytt bygg som vert retta fortløpande.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ja, 3 personar med arbeidsrelatert sjukefråvær som er fylgt opp. Sjukefråvær: 7 % auke på 0,8 % frå 2017.
- **Utviklingssamtalen:** Kompetanseprofil vert ikkje oppdatert. Oppfatta som obligatorisk, det er behov for fornying av utviklingssamtalen som konsept/verktøy.

## Sogn Jord- og hagebruksskule

Det er ikkje mottatt årsrapport frå LAMU for 2018. Administrativ leiar Venke Sjusjen kommenterte følgjande i ei melding til sekretæren 16. mai 2019:

«Me hadde LAMU-møte 28.01.19, og der vart rapporten nemnt men ikkje handsama. Neste møte i LAMU er først fredag 21.06.2019. Rapporten vil bli handsama då».

## Måløy Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Har handsama byggjesak i forhold til rehabilitering av B og C fløy ved skulen. Ikkje handsama saker om ekstra vernetiltak, målingar eller undersøkingar.
- **HMT-opplæring:** Medlemar av LAMU har delar av grunnopplæringa. Leiar/mellomleiarar treng opplæring. 2 stk. treng 40-timer kurset og 4-6 stk. ynskjer dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Tilsette har gitt melding til arbeidsgjevar om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering. Dette er behandla i samsvar med gjeldande rutinar.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ein del av KS-systemet er tilfredsstillande. Elles alt ok.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Fysiske utfordringar; skulen er under rehabilitering så det er midlertidige løysingar. Det er forsvarleg, men ikkje tilfredsstillande. Psykososialt arbeidsmiljø er ok.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær 5,6 %, reduksjon på 6,6 % sidan 2017.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, ikkje oppdatert kompetanseprofil, og det er ikkje behov for fornying av utviklingssamtalen som konsept/verktøy.

## Mo og Øyrane Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt. Det har vert gjennomført støymålingar, og i forhold til byggjesaker har det vore handsama mindre endringar i ridehall og verkstadbygg. I forhold til internrevisjon av internkontroll er det kommentert at dette er utført stykkevis og delt. Det er fleire system og forholde seg til og alt burde vere samla i eitt system.
- **HMT-opplæring:** Det er fire leiarar/mellomleiarar som treng 40-timars kurset. Både LAMU, leiargruppa, verneleiarar og verneombod ynskjer dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv. Arbeidsgjevar har mottatt melding om sjukdom som tilsett trur har samanheng med arbeid. Saka er handsama og arbeidet held fram i 2019.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt. Under punktet på revisjon av internkontrollsystemet er same kommentar som under punkt 3 her.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg. Det er fysiske utfordringar. Kryssa ja på alle punkt på krav til psykososiale arbeidsmiljøet.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 4,8 %, som er ein auke på 0,8 % frå 2017.
- **Utviklingssamtalen:** Alt ok. Kompetanseprofil vert oppdatert, og kommentera at det er viktig at nytilsette får opplæring i bruk av denne.

## Firda Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 5 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt, med unntak av ekstra vernetiltak, målingar eller undersøkingar, byggjesaker samt tilrettelegging for tilsette med redusert arbeidsevne.
- **HMT-opplæring:** VO og ein avd.leiar manglar opplæring. 2 personar treng 40-timars kurs. Alle i LAMU ynskjer dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Det er kryssa på ikkje tilfredsstillande IK-system. Kommentert at dei ynskjer digitalt system. Det er gjeve melding til arbeidsgjevar om feil og manglar tilsett ikkje kan rette opp sjølv, avvikssystem er nytta.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg. Fysiske utfordringar i forhold til merking av kjemikalie. Krav til psykososiale utfordringar er ok, og det er kommentert at det er fokus på gode relasjonar.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 4,9 %, som er ein auke med 1,8 % frå året før.
- **Utviklingssamtalen:** Utviklingssamtalen er oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert ikkje oppdatert og det er behov for fornying av utviklingssamtalen som konsept/verktøy.

## Eid Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt, med unntak av ekstra vernetiltak, målingar eller undersøkingar og handlingsplanar for betring av arbeidsmiljøet.
- **HMT-opplæring:** Ein person treng 40-timars kurset og to personar ynskjer dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er gjeve melding om feil og manglar den tilsette ikkje kan rette opp og melding om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering. Arbeidsgjevar har mottatt melding om at sjukdom som tilsett trur har samanheng med arbeid.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Det er ikkje utarbeidd handlingsplanar. Det er kommentert at det skal utførast i 2019. I tillegg er det ikkje gjennomført revisjon av HMT-systemet.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg. Det er ingen fysiske utfordringar og krav til det psykososiale arbeidsmiljøet er ok.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 6,4 %, som er ein auke med 0,5 % frå 2017. 3 tilsette har arbeidsrelatert skader/sjukdom som har ført til sjukefråvær, desse er fylgt opp.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert delvis registrert. Det er ikkje behov for fornying av utviklingssamtalen som konsept/verktøy.

## Dale Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ja på alt.
- **HMT-opplæring:** Leiar/mellomleiar ynskjer oppfrisking. 2 personar ynskjer dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er gjeve melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv; dørlåsar, defekte varmeomnar og temperatur. Det er gjeve melding om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering. Dette er meldt vidare.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt, er i ein prosess med gjennomgang av IK-systemet.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg. Fysiske arbeidsmiljøutfordringar; tilbakevendande utfordringar i forhold til temperatur i vrimleareal. Krav til det psykososiale arbeidsmiljøet er ok.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 3,2 %, det er ein reduksjon med 0,6 % frå 2017.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert registrert, men ikkje fullstendig (ventar på Visma). Det er ikkje behov for fornying av utviklingssamtalen som konsept/verktøy.

## Stryn Vidaregåande Skule

- **Møte og møteplan:** 6 møte og laga møteplan for 2018.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja på alt.
- **HMT-opplæring:** 4 stk. som treng 40-timars kurs og 4 stk. som ynskjer å delta på dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv. Arbeidsgjevar har mottatt melding om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering. Saka er handsama.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt utanom at internkontrollsystemet er tilfredsstillande. Det er kommentert at det er under utarbeiding.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg. Fysiske forhold; utfordringar i forhold til inneklime i fløy 1 aust. På punkta under krav til det psykososiale arbeidsmiljøet er det kryssa ja på alle punkt og kommentert at det er nye rutinar under utarbeiding.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 3,5 %, som er ein reduksjon med 0,8 % frå 2017.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert registrert. Det er behov for fornying av utviklingssamtalen som konsept/verktøy.

## Høyanger Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** Ikkje skrive kor mange møter, men har laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det er ikkje kvartalsdrøfting av sjukefråvær og det er ikkje handsama byggjesaker, eller er det kryssa ja på dei resterande punkta.
- **HMT-opplæring:** Det er ein avdelingsleiar som treng 40-timars kurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er gjeve melding om feil og manglar som den tilsette sjølv ikkje kan rette opp.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt utanom årleg revisjon av det lokale HMT-systemet. Kommentar til dette er at det vert utført anna kvart år.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Fysiske forhold; ergonomi og lystilhøve på lærarane sitt førebuingssrom, samt nokre klasserom. Krav til psykososiale arbeidsmiljøet er ivaretatt.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær: 4,9 %, som er ein auke med 0,9 % frå 2017.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kommenterar at registrering av kompetanseprofil vert gjennomført av nokre. Det er behov for fornying av utviklingssamtale som konsept/verktøy. Har kryssa både ja og nei.

## Flora Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 3 møte, laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det vert gjennomført tiltak for støy i kantineområdet. Ikkje utarbeida handlingsplanar og ikkje handsama sak om tilrettelegging.
- **HMT-opplæring:** Alle VO og LAMU-medlem har opplæring, ingen ynskje om dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er gitt melding om feil/manglar og om utilbørleg oppførsel/trakassering/diskriminering. Arbeidsgjevar har ikkje fått melding frå tilsette om sjukdom som den tilsette trur har samband med arbeidet.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg. Fysiske forhold; arbeidar planmessig med støy og ventilasjon, skal sette i gang tiltak.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Det er rapportert om 1 stk. arbeidsrelatert skade/sjukdom som er følgt opp. Sjukefråvær: 6,5 %, reduksjon med 0,3 % frå 2017.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert ikkje registrert. Tilbakemelding på at det er behov for fornying av utviklingssamtale med konsept/verktøy.

## Årdal Vidaregåande Skule

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** Har laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Har iverksett tiltak for støydemping i verkstad, det er under utprøving. Har handsama sak om plassering av male-/lakkstasjon. Saka er til handsaming av bygg- og eigedomstenesta. Ikkje handsama sak om tilrettelegging.
- **HMT-opplæring:** Ingen behov.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfølgt. Det er gitt melding om feil/manglar ein ikkje kan rette opp sjølv; dårleg luftkvalitet i arbeidsrom, studiefløy.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Svart ja på alt utan om at kartleggingsfunn har resultert i prioriterte tiltak ført i handlingsplan. Kommentera at avvik vert tatt opp i LAMU og fylgt opp fortløpande.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg. Fysiske utfordringar; støy på verkstad (tip) og ergonomi (hemsen på tip).
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen med arbeidsrelatert sjukefråvær. Sjukefråvær: 3,3 %, som er ein reduksjon på 0,3 % frå 2017.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert ikkje registrert, men drøfta.

## Fagskulen

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 2 (LAMU vart konstituert på haust 2018) og det er laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Nei.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det er kryssa nei på alle punkt.
- **HMT-opplæring:** På punktet om alle verneomboda og medlemmane i LAMU har gjennomført opplæring, så er det kommentert at det nesten er gjennomført. Verneombod, tillitsvalt og avd. leiar har gjennomført 40-timars kurset. Det er usikkert kor mange som ynskjer dagskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er ikkje gjeve melding til arbeidsgjevar om feil og manglar tilsette ikkje kan rette opp, eller utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Generelt om internkontrollsystemet på HMT er tilfredsstillande så er det kryssa nei og kommentert at dei har eit system, og dei tilsette skal ha fått informasjon om dette i mars 2019. HMT-systemet er ikkje revidert årleg. Det er ikkje utarbeida mål for HMT-arbeidet.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Det er ingen arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar som har ført til fråvær. Sjukefråvær: 3 %. Fagskulen leverte ikkje årsrapport frå LAMU i 2017, så det ikkje samanlikningsgrunnlag i forhold til eventuelt endring på sjukefråvær.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil vert registrert.



## Sentraladministrasjonen

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møter og det er laga møteplan
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** I forhold til ekstra vernetiltak, målingar eller undersøkingar er det gjennomført støymåling i kantina, det er ikkje handsama/drøfta sak om tilrettelegging for tilsette med redusert arbeidsevne, og det er kommentert at ein er usikker på om det er gjennomført oppdatering/revisjon av internkontroll-systemet.
- **HMT-opplæring:** Alle har nødvendig opplæring. Det kan vere aktuelt med dagskurs for fylkesbiblioteket og næring ynskjer kort oppfriskingskurs.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er melding til arbeidsgjevar om sjukdom som den tilsette trur har samanheng med arbeid. Dette gjeld kulturavdelinga.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Treng revisjon av IK-systemet og det er ikkje utført revisjon lokalt av HMT-system årleg. Det vert arbeidd med å få på plass nytt HMT-verktøy i nye Vestland fylkeskommune. Det er ikkje gjennomført vernerunde, og ikkje utarbeida handlingsplan.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg. Det er fysiske utfordringar i forhold til støy og lysskjerming. Krav til det psykososiale arbeidsmiljøet er ivaretatt.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Ingen arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar som har ført til fråvær. Sjukefråvær: 4,8 %, auke med 1 % frå 2017.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk, kompetanseprofil er skrive «tja» og kommentert at dette ikkje er gjennomgåande. Det er behov for fornying av utviklingssamtalen som konsept/verktøy.

## Tannhelse

- **Tal LAMU-møte og møteplan:** 4 møte, det er laga møteplan.
- **Bruk av Stamina:** Ja.
- **Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Har drøfta/handsama alle punkta.
- **HMT-opplæring:** Verneombod har behov for 40-timars kurs. Dagkurs er det ikkje skrive noko på.
- **Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Medverknadsplikt er oppfylt. Det er gjeve melding til arbeidsgjevar om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering. Det er kommentert at arbeidsgjevar har handsama tilfellet.
- **Systematisk HMT-arbeid:** Ja på alle punkt.
- **Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg. Eininga har fysiske utfordringar. Krav til psykososialt arbeidsmiljø er ivaretatt.
- **Arbeidsrelaterte skadar/sjukdomar og samla sjukefråvær:** Sjukefråvær er ikkje notert. Det er ingen arbeidsrelaterte skader/sjukdommar som har ført til sjukefråvær.
- **Utviklingssamtalen:** Oppfatta som obligatorisk. Kompetanseprofil vert ikkje oppdatert. Det er ikkje behov for fornying av utviklingssamtalen som konsept/verktøy.

## 3. Konklusjon

Bestillingsbrevet primo januar kvart år dannar starten på årsyklusen i hmt-arbeidet som gjeld organisasjonen samla. Det er gjennom årsrapporten frå LAMU vi får einingane sin sjølvrapportert status på det lovpålagde hmt-arbeidet. Rapportane speglar den aktiviteten som går føre seg lokalt samt at HSU gjennom sitt vedtak gir fagleg tilbakemelding til einingane med tilbod om hjelp/retteleing på områder som står i strid med hmt-lovgivinga og/eller på områder dei ønskjer utvikling.